

Fra: Anna Bergitte Skårland <absk@haa.kyrkja.no>
Sendt: 13. mars 2017 14:00
Til: KR-Postmottak
Emne: Høringsuttale utpeking av biskoper

Sender her vedtaket fra Varhaug sokneråd. Vennlig hilsen Anna Bergitte Skårland, daglig leder.

Høringsuttale frå Varhaug sokneråd

Varhaug sokneråd støttar ein modell med rein valordning for utpeiking av biskop.

Varhaug sokneråd meiner at den beste valordninga er den som peikar ut ein biskop som sokna, prestane og tilsette med røysterett i bispedømmet ynskjer (modifisert modell 3)

Denne valordninga:

- Tek § 2 i Kyrkjelova på alvor: “Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kyrkje og kan ikkje løses frå denne“.
- Demokratisk, og i samsvar med ordningane i europeiske og nordiske kyrkjer.
- Brei nominasjon og kvalifisert vurdering av kandidatar blir ivaretatt i nominasjonsprosessen av bispedømmerådet.
- Dei fire hovudelementa i bispetenesta er ivaretatt (s. 6 i høringsnotatet).
- Einskap i sokn og bispedømme blir best ivaretatt, og blir ikkje svekka i Den norske kyrkje.
- I samsvar med tidlegare kyrkjemøte sitt syn.

Dersom ei valordning med røysterett berre i bispedømmet som Varhaug sokneråd primært går for, ikkje blir realisert, støttar Varhaug sokneråd sekundært ei valordning gjort greie for i (modell 3).

Preses er primært leiande biskop og leiar bispemøtet. Ho/han har også Nidaros domprosti som sitt tilsynsområde, etter gjeldande reglar. Varhaug soknerådet meiner at preses sin nasjonale rolle er den viktige, og derfor skal ikkje sokneråd og tilsette i Nidaros domprosti røysta. Varhaug sokneråd meiner også at bispemøtet bør med ved det endelege valet og ikkje berre ved nominasjon.